



Røysterett for alle syng under julekonserten i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir eit svært allsidig program men sjølvstøtt dominert av juletonar under den tradisjonelle julekonserten i kyrkja søndag kveld. Der skal naturleg nok både skulemusikken, Røysterett for alle og Kvinnherad trekkspelklubb vera med i tillegg til at det blir solosong av Knut Inge Røen frå Samnanger.



Skulemusikken spelar under julekonserten i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulemusikken, dirigert av Anders Christensen, skal ha fire juleprega nummer medan koret har fem nummer på programmet. Her får publikum også høyra to smakebiter frå Mariamusikken som Røysterett for alle hadde så stor suksess med i Kvinnheradkyrkja for stutt tid sidan..

I tillegg blir det tre "julesongar". Lars Storegjerde sit ved klaveret og det er sjølvsgatt Maria Malmsten som dirigerar.

Trekkspelklubben under musikalsk leiar Nils Nåsen spelar Etyde av Jean Sibelius og ein konsert i fire satsar av G.Ph. Telemann.

Røen har naturleg nok også eit juleprega program. Men syng også ein song der han sjølv har ansvar både for tekst og melodi og om han har kalla "Gjetarguten sin song".

Publikum skal i aksjon med allsong tre gongar under konserten og andakten blir ved Tone Synnøve Hellesøy.

Av Ola Matti Mathisen